

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Ove Sæbø	FE - 026	18/183

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
052/2018	Kommunestyret	PS	13.12.2018

## Felles NAV-kontor - endring av vilkår for ta del i samarbeidet.

### Forslag til vedtak:

Vilkår nr 5 i vedtak frå sak 037/2018 «Etablering av felles NAV-kontor med Masfjorden kommune og Gulen kommune» vert tatt annullert.

Vilkårstekst:

*Det skal vere min. 1 dag i veka kor NAV-kontor i Modalen skal vere bemanna slik at kommunen sine brukarar kan komme innom, evt. etter avtale.*

### Saksopplysningar:

Kommunestyret handsama 20.09.18 i sak 037/2018 «Etablering av felles NAV-kontor saman med Masfjorden kommune og Gulen kommune».

I vedtaket som vart fatta stod følgande tekst vilkår i pkt. 5:

*«Det skal vere min. 1 dag i veka kor NAV-kontor i Modalen skal vere bemanna slik at kommunen sine brukarar kan komme innom, evt. etter avtale.»*

I prosessen med utarbeiding av vertskommuneavtale med partane – som no i tillegg omfattar Austrheim kommune og Fedje kommune, har dei 4 samarbeidskommunane meldt tilbake til rådmannen i Modalen at dei ikkje kan imøtekomme dette vilkåret.

Modalen kommune må difor ta stilling til om vilkåret kan strykast for å kunne ta del i det som no har fått namnet NAV Fensfjorden.

### Bakgrunn

Modalen kommune har i dag 60 % NAV-ressurs kor 20 % er NAV Modalen, medan 40 % er statleg NAV og ligg under leiing av NAV leiar i Masfjorden.

Ved å gå inn i NAV Fensfjorden vil NAV-tenestene i Modalen bli underlagt leiar for felleskontoret.

I vertskommuneavtalen finn ein følgande:

*Tenestene har eit felles hovudkontor i Sløvåg området. Alle deltakarkommunane stiller til disposisjon lokale utekontor / møterom, med evt. utstyr. Kostnad til dette belastast den einskilde kommune. Kostnad med utekontor skal og gjenspeglar NAV sitt økonomiske bidrag og vere avklart i partnerskapsavtalen.*

*Oppmøtestad for den einskilde tilsett er normalt ved NAV Fensfjorden sitt felleskontor. Dei tilsette vil arbeide i eit fellesskap, der ein utfører oppgåver for heile regionen. NAV Fensfjorden skal ha ein desentralisert profil, der tilsette vil nytte møterom som er til disposisjon i alle kommunane.*

NAV Modalen har ei sårbar teneste i dag kor 20 % / 1 dag pr. veke ofte fell vekk grunn planlagt og uplanlagt fråver. I tillegg er saksfeltet for NAV-tilsette breidt m.o.t. til kompetanse ein treng for å møte brukarar. Eit felleskontor med fleire tilsette vil i større grad kunne levere denne forventna kompetansen.

NAV Fensfjorden vil halde ope kontor i Modalen etter avtale med brukarar i Modalen – desentralisert profil. I tillegg er felleskontoret tilgjengeleg for Modalen sine brukarar 5 dagar i veka pr. telefon/e-post. Det vil vere råd å avtale møter i Modalen med NAV etter behov. Færre og færre har bruk for at eit kontor står ope slik at brukarar kan komme innom utan avtale. I tillegg legg både NAV og øvrige offentlege organ i større grad opp til at ein skal kunne yte service til brukarar over internett.

NAV Modalen går inn i samarbeidet med 20 % kommunal ressurs. Øvrige samarbeidskommunar finn at det ikkje er tenleg for felleskontoret om denne ressursen er fullt ut bunden til Modalen på fast dag. Det vil vere ei betre løysing at leiar for NAV Fensfjorden er den som skal forvalte ressursane til kontoret med utgangspunkt i vertskommuneavtalen.

### **Vurdering**

Rådmannen ynskjer å bidra til at Modalen og dei øvrige kommunane i samarbeidet får ei best mogleg teneste i fortsettinga. Det inneber å ta del i NAV Fensfjorden utan å halde på vilkåret om at det skal vere ein fast opningsdag i Modalen. Vurderinga er at Modalen får ei betre teneste gjennom samarbeidet. Det tyder fleire tilgjengelege dagar kor ein kan avtale møter, fleire dagar kor felleskontoret er tilgjengeleg både på telefon og e-post, stabilitet knytt til å serve brukarane i Modalen – dersom 1 tilsett er fråverande vil felleskontoret framleis ha ansvar for Modalen sine brukarar, samt at kompetansen som vert tilbydd brukarane våre vert breiare.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at kommunestyret stryk vilkåret om fast opningsdag i Modalen ein gang pr. veke. Dette vil framleis vere ei styrking av tilbodet til Modalen kommune sine brukarar.

## **Kommunestyret - 052/2018**

### **KS - behandling:**

Assisterande rådmann og rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål

I saksutgreiinga er det kome med eit punkt frå utkast til vertskommuneavtale som har blitt endra i den endelege versjonen som vert handsama i sak 056/2018. Dette gjeld plassering av evt felleskontor. I utkastet, som er henvist til i denne saka, er Sløvågområdet nemnt som mogleg plassering av felles hovudkontor. Dette som gjeld konkret plassering av felles hovudkontor er tatt ut av den endelege vertskommuneavtalen, og er såleis ikkje tatt avgjerd om enda. Samrøystes vedteke

### **KS - vedtak:**

Vilkår nr 5 i vedtak frå sak 037/2018 «Etablering av felles NAV-kontor med Masfjorden kommune og Gulen kommune» vert annullert.

Vilkårstekst som vert annullert :

*"Det skal vere min. 1 dag i veka kor NAV-kontor i Modalen skal vere bemanna slik at kommunen sine brukarar kan komme innom, evt. etter avtale."*